



Skiltet syner kor ein skal ta av frå skogsvegen mot Klepp.

**Steinar Kroka i Dugnadsgruppa har fått skiltet på plass som syner kor ein skal ta av frå skogsvegen på Haugland for å koma fram til det nye turmålet Klepp. Skogsvegen på Haugland, som i daglegale vert kalla Pålavegen, tek til frå Fylkesvegen, om lag 200 meter sør for parkeringa og brua på Gravene. Mannsvatnet og Hauglandsfjellet er skilta frå same plassen.**

Å telja svingar opp lia kan vera ein føremålsteneleg måte å finna fram på. I den 5. svingen kjem det nye skiltet til syne. Då går du på heim i lia, framom steinmurar frå eldre tufter og held fram om lag 400 meter fram til eit høgdedrag med vakker utsikt mot Ulvanoso, Englafjell og Uskedalen.

Her har Dugnadsgruppa rydda plass og bygd gapahuk tett ved ein av dei store steinane i lende. Det må vera flyttblokker som ligg ett frå isen trekte seg tilbake for 10 000 år sidan. Steinen er eine veggjen i gapahuken.

Klepp er alt det nye turmålet i Uskedalen. Det same er Flåtene i Eikedalen, ein langt lettare tur, anten med start frå Sørstølen på Eik eller frå nedre Fet, ved Elins Matgleder og Kapteinsgarden.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Steinar Kroka / Kristian Bringedal



Klepp med gapahuk og store steinar kjem til syne i lende. Her er det vakker utsikt ned Uskedalen.